

Høringsinnspel til Familie- og kulturkomiteen – Statsbudsjettet 2025

Til Familie- og kulturkomiteen

Vi set stor pris på høvet til å kome med synspunkta våre i samband med Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2025. Vårt innspel omhandlar dei foreslåtte løyvingane til kultur- og inkluderingsbudsjettet med særleg fokus på studieforbunda, frivillige kulturorganisasjonar og kulturarvfeltet.

Kultur- og likestillingsbudsjettet:

- **Studieforbunda:** Vi merkar oss, og set pris på, at løyvingane til studieforbunda er vidareførte på same nivå som tidlegare, med ei lita prisjustering. Det er likevel skuffande at auka aktivitet ikkje blir reflektert i ei tilsvarende auke i tilskota. Det mest urovekkjande er at Regjeringa ikkje har teke grep for å harmonisere tilskota mellom Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. I dag er skilnaden i tilskot ca. 40 % pr. kurstime i disfavør av studieforbunda under Kultur- og likestillingsdepartementet. Vi ønskjer å uttrykkje vår støtte til den pågåande evalueringa, som etter planen skal vere ferdigstilt med verknad frå 2026, og understrekar kor viktig det er at denne prosessen fører til harmonisering av tilskota og adresserer andre utilsikta negative konsekvensar av delinga mellom departementa.
- **Vofo:** Det er gledeleg å sjå ei lita auke i tilskota til Vofo, som er ein viktig paraplyorganisasjon for studieforbunda. Denne organisasjonen spelar ei avgjerande rolle for samordning og utvikling innan studieforbundssektoren.
- **Kulturalliansen:** Vi stiller oss undrande til at tilskota til Kulturalliansen blir vidareførte på same nivå. Kulturalliansen har etablert seg som ein sentral samarbeidspart for det offentlege på fleire nivå, og vi meiner difor at det er på høg tid å styrkje løyvingane til denne organisasjonen for å sikre kvalitet og utvikling i kulturfrivilligleiken.
- **Norges Husflidslag:** Vi legg merke til, og stiller oss undrande til svak prisjustering på under 1% til Norges Husflidslag. Norges Husflidslag er ein svært viktig aktør på det immaterielle kulturarvfeltet, mellom anna ein svært viktige opplæringsaktør innanfor tradisjonshandverk.
- **Norsk Senter for Folkedans og Folkemusikk:** Dei har fått ei auke utover prisjustering. Dette er veldig bra.

Studieforbundet kultur og tradisjon er studieforbund for rundt 40 frivillige organisasjoner som driver kulturoppføring.

Kulturarv:

Vi vil også minne Regjeringa på dei lovnadene som vart gjevne i Hurdalsplattformen, der kulturarv vart løfta fram som eit viktig satsingsområde i kulturpolitikken. Regjeringa understreka i plattformen at dei vil «bidra til å samle og koordinere sektoren, støtte den frivillige innsatsen, som er heilt avgjerande på feltet, og sørge for at frivillige landsdekkjande kulturvernorganisasjonar får grunnstøtte frå staten.» Til nå har vi dessverre ikkje sett at denne lovnaden er innfridd. Grunnstøtte er heilt naudsynt for at desse organisasjonane skal kunne oppretthalde sitt viktige arbeid, inkludert kurs og aktivitetar som er sentrale for å ta vare på og formidle vår felles kulturarv.

Vi håpar komiteen vil ta våre synspunkt med i vurderinga, og vi stiller gjerne opp for vidare dialog.

Med venleg helsing,
Studieforbundet kultur og tradisjon
Vågå, 11.10.2024



Kjærsti Gangsø
Dagleg leiar